



## Invitasjon til regional messe for elevbedrifter

Otta, torsdag 13. mars 2014

13. mars inviterer Ungt Entreprenørskap Oppland til elevbedriftsmesse for «nord-fylket». Arrangementet vil gå parallelt med fylkesmessa for ungdomsbedrifter, men for elevbedriftene blir det kun eit dagsarrangement torsdag 13. mars.

NB! All informasjon, samt link til påmeldingsskjema finn du på [nettsida til UE Oppland](#).



### Konkurransar

Messa vil foregå på Otta - nærare informasjon om messeområde kjem etter kvart. Prisutdelinga på slutten av dagen vil skje i Kulturhuset.

Elevbedriftene konkurrerer i egne kategoriar:

- Beste elevbedrift
- Beste stand
- Beste innovative produkt
- Beste marknadsføring

Elevbedriftene skal ikkje sende inn noko materiell på førehand. Juryarbeidet vil foregå i løpet av sjølve messa.

Vinnarbedrifta i kvar kategori blir premiert med kr. 500,-.

Bedrifta som blir kåra til beste EB blir dessutan direkte kvalifisert til å delta på regionmessa for elevbedrifter i Region Øst tysdag 27. mai i Oslo. Arrangementet vil foregå i Næringslivets hus med NHO Oslo og Akershus som vertskap.



## Vurderingskriterium

### Beste elevbedrift

Kvar bedrift førebur ein maksimalt 4 minutt lang presentasjon. Denne framførast ved standen til juryen (og andre) på oppfordring. Juryen vil legge vekt på følgjande (25 poeng på kvart kriterium, og maksimalt 100 poeng):

- Produktkunnskap
  - kva kan elevane fortelle om produktet/tenesta?
- Marknadsføring
  - korleis har elevbedrifta marknadsført seg?
- Lagånd/samarbeid
  - korleis jobbar elevane saman?
- Prosesskunnskap
  - kva kan elevane fortelle om dei ulike fasene i elevbedriftsperioden?

### Beste stand

Juryen vil legge vekt på følgjande (25 poeng på kvart kriterium, og maksimalt 75 poeng):

- Korleis ser utstillingen ut?
- Kor godt blir vi kjent med bedrifta gjennom utstillinga?
- Korleis presenterer utstillinga bedrifta sitt produkt?

### Beste innovative produkt

Juryen vil legge vekt på følgjande (25 poeng på kvart kriterium, og maksimalt 100 poeng):

- Korleis oppstod ideen?
- Er det noko ved vara/tenesta som er originalt/nyskapande?
- Er det behov for vara/tenesta i marknaden?
- Er det ein eigen idé?

### Beste marknadsføring

Juryen vil legge vekt på følgjande (25 poeng på kvart kriterium, og maksimalt 100 poeng):

- Har bedrifta laga ei brosjyre, kvalitet på denne
- Sosiale medier: I kva grad har bedrifta brukt sosiale medier i marknadsføringa
- Har bedrifta laga reklamefilm, kvaliteten på denne
- Har bedrifta utarbeidd nettside, kvaliteten på denne



## Program

08:30-10:00	Rigging av stand.
10:00-12:00	Messa er åpen for publikum og jury.
12:00-13:00	Nedrigging og rydding.
13:00-14:00	Prisutdeling i Kulturhuset.

NB! De må ikkje vere på plass til kl. 8.30. De vurderer sjølve kor lang tid de treng på å få standen klar til messeåpning kl. 10.

## Påmelding

Kvar inviterte skule kan sende 1-2 elevbedrifter til messa. Ansvarlig lærar melder på bedriftene via [online påmeldingsskjema](#).

**Påmeldingsfrist: 25. februar**

## Praktisk informasjon

### Registrering

Alle elevbedrifter skal registrere seg før opprigging av stand. Dette skjer i UE sitt sekretariat rett ved inngangen til messeområdet.

### Rigging av stand

Det er inga vaktmesterteneste tilgjengelig for deltakarane under messa. Alt elevbedrifta treng til rigging av stand må tas med. Dette gjeld eksempelvis saks, tråd, teip, og liknande. Det vil heller ikkje finnast bord og stolar til utlån på Otta. Dette må eventuelt medbringast. For dei som har behov for straum, ta med eigne skjøteledningar (minimum 10 meter) og forgreinarar. Hugs å oppgi om de trenger straum ved påmelding.

### Avfall

Det vil ligge søppelsekkar på kvar stand. Alt avfall skal i denne og den skal stå igjen på stand når de reiser frå messa.



### Messevegger


Utstillingsveggane er faste og skal brukast fleire år. Derfor er det reglar om kva som er aktuelt å bruke på dei, og dette er noko alle må forholde seg til.

Veggane er kvitmåla sponplater, som er hengsla saman. Veggelementa er sjølvberande. Dei plasserast i 90° C-vinkel. Høgda er 2,0 m og breidda på sideveggane er 1,16 m. Veggane er 12-25 mm tjukke.

**Det er ikkje tillatt å bruke skruar eller spikar i veggane.** Det er heller ikkje tillatt å benytte sterk tape som fjernar målinga når ein fjernar tapen. Vanlig tape er ok.

Det er mulig å lage ei list til å legge på toppen av veggene. Ta f.eks ei list som er så tjukk at de kan lage eit spor i den (12,5 mm). Denne lista kan leggest ned på toppen av veggene, og de kan spikre eller tape med sterk tape på denne. Lista skal etter endt utstilling bli tatt ned igjen (altså ikkje spikrast fast) og bli tatt med av elevbedriften.

Dette er veggplassen kvar EB har til disposisjon:



### Garderober

Det er ikkje tilgang på garderobeplass.

### Mat

UE Oppland spanderer lunsj på elevbedriftene (blir levert på stand). Hugs å oppgi eventuelle allergiar ved påmelding.

### Sal av varer og tenester på messa

Alle elevbedrifter som gjer sal på messa må hugse på å gi nummerert kvittering til kjøpar.



### **Internett**

Elevbedriftene har ikkje muligheit til å koble seg på trådløst nett på messa. Har ein behov for Internett på messedagen må ein sjølv ta med mobilt breiband.

### **Kart**

Kart over messeområdet med plassering av elevbedriftene, blir lagt ut på UE si nettside i forkant av messa. Kart over messeområdet blir også levert ut ved registrering på messedagen.

### **Opprydding på messa**

Når messa er slutt, skal standane riggast ned.

Dette inkluderer:

1. Ta bort alt som de har påført veggane.
2. All søppel skal i utlevert søppelsekk. Standen skal vere rein når de reiser.
3. Veggene skal de la stå. UE organiserer bering.

**Ingen reiser frå standen sin før UE har godkjent ryddinga!**

**Velkommen til Otta 13. mars!**